



Tore Andre Frugård
Floridavegen 11
5307 Ask

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2 - 22/944

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
18.02.2022

Om søknad Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47

Administrativt vedtak. Saknr: 007/22

Saksutgreiing:

Eg syner til Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47, frå Land & Strand Eiendom AS v/Tore Frugård motteke 10. februar 2022.

Når det gjeld bygningsfysikk er tiltaket plassert i tiltaksklasse 2. Prosjekterande foretak for bygningsfysikk manglar i gjennomføringsplanen.

Når det gjeld bygningsfysikk er det i tiltaksklasse 2 krav om uavhengig kontroll både av prosjektering og utføring. Foretak som skal gjera kontroll av bygningsfysikk, er ikkje med i kontrollplanen.

Eigenerklærng frå Signaltech AS er ikkje underskriven.

I § 21-7 i plan- og bygningslova (pbl), stpr det :

Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker.

Søknaden har mangler og då gjeld den generelle fristen på 12 veker for sakshandsaming, sjå § 21-7 første ledd i pbl.

I ein e-post datert 15. februar 2022 stadfester du har du har motteke rekning på byggesaksgebyr i saka.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-7 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Søknaden Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47 datert 10. februar 2022, er ikkje i samsvar med bestemmelser gjeve i plan- og bygningslova med forskrifter. Fristen for kommunen si sakshandsaming vert då 12 veker.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Fedje kommune set som vilkår at byggesaksgebyret er betalt før det vert gjeve byggeløyve i saka Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47.

***** ** *

Når det gjeld klagerett på vedtaka, syner eg til vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Tore Andre Frugård

Floridavegen 11 5307

Ask